



Forvaltningskomiteen på synfaring av muren i føremiddag

Etter forslag frå rådmannen skal det gjennomførast ein uavhengig kontroll av prosjektering og gjennomføring av den omstridte muren i Ospelunden. Kontrollen skal gjerast av eit ansvarleg og godkjent føretak og rådmannen får fullmakt til å fatta endeleg vedtak når resultatet av kontrollen ligg føre.

Dette vedtok forvaltningskomiteen i føremiddag etter å ha gjeve dispensasjon frå byggjegrensa for oppføring av muren- Det heiter i vedtaket at den er naudsynt i samband med byggjing av bustadhus og garasje på tomta.



Leiar Thorleif Hellesøy oppe på muren som er fullført

Politikarane vedtok eit tillegg til innstillinga frå rådmannen der det vert streka under at det må leggjast vekt på sikringa. Gang- og sykkelvegen går langs fylkesvegen like under muren, som har fått sterk kritikk frå ymse hald. Før komiteen hadde saka oppe var den på synfaring, som leiar Thorleif Hellesøy mellom anna konkluderte med at den hadde vore prega av sterkt engasjement. Administrasjonen ga ein orientering i møtet og peika mellom anna på vegvesenet sin bekymring for sikkerheten. Det firma som no skal ha kontroll bør ha sentral godkjenning og vere heilt uavhengig av entreprenør Gunnar Røsseland, - Det kan hende at muren i ytterste konsekvens må rivast, påpeika verksemdsleiar Tormod Fossheim.

Dette er rådmannen sin konklusjon: Utfrå ei samla vurdering og i samsvar med utgreiinga finn rådmannen at den allereie bygdde muren kan godkjennast som den er bygd og dersom ikkje den uavhengige kontrollen avdekkjer vesentlege manglar, vil arbeidet kunna setjast igang når tilstrekkeleg dokumentasjon ligg føre.

Rådmannen meiner at ei god varsling i forkant med godt utførte teikningar er særst viktig. Det var ikkje tilfredsstillande utført her og vil verta påsett ekstra i dei neste prosjekta i feltet. Men det er inga samla plan for utbyggjinga på dei omkringliggjande tomtene,

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen
NETT; Ola Matti Mathisen